



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ELDRERÅDET

Møtedato: 19.09.2016
Møtested: Vaksdal sjukeheim, Vaksdal
Møtetid: 13:15 - 15:15

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Solrun Hauglum epost solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
18/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
19/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
20/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
21/2016	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
22/2016	ELDREDAGEN 2016

12. september 2016

Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2016	Eldrerådet	PS	19.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	16/1243

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2016	Eldrerådet	PS	19.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	16/1243

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 15.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 15.06.2016
Møtestad: Møterom 2. etasje Heradshuset
Møtetid: 13:00 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem

Fårvær: Karin Groth, FRP

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær.

Åse Elin Myking, fungerande rådmann, var til stades under sak 15, 16 og 17.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
14/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
15/2016	RÅDMANNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020
16/2016	INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - VERTSKOMMUNEAVTALE MED VOSS KOMMUNE
17/2016	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



12/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:

ELD - sak 12/2016 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

13/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:

ELD - sak 13/2016 Vedtak/Tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

14/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:



ELD - sak 14/2016 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

15/2016: RÅDMANNNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for levekår gjer slik uttale

Levekårsutvalet 30.05.2016

Behandling:

Forslag til vedtak frå SV, Høgre og MDG:

1. Økonomiplanen vert teken til orientering. Partia vil kome attende med sine prioriteringar i formannskap og kommunestyre.
2. Levekårsutvalet ber om at kapitalbudsjettet vert endra slik at det føl same oppsett som tidlegare. Postane må vera samanliknbare.

Avrøysting: Samrøystes

LEV - sak 16/2016 Vedtak/Tilråding:

Uttale frå levekårsutvalet:

1. Økonomiplanen vert teken til orientering. Partia vil kome attende med sine prioriteringar i formannskap og kommunestyre.
2. Levekårsutvalet ber om at kapitalbudsjettet vert endra slik at det føl same oppsett som tidlegare. Postane må vera samanliknbare.

Administrasjonsutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.



ADM - sak 05/2016 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet tar rådmannen sitt framlegg til økonomiplan til orientering.

Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:

Fungerande rådmann Åse Elin Myking la fram rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017 - 2020.

ELD - sak 15/2016 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek økonomiplanen til orientering. Eldrerådet ønskjer å presisera at kvaliteten innan helse og omsorgstenestene bør oppretteholdast.

16/2016: INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - VERTSKOMMUNEAVTALE MED VOSS KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om interkommunal legevakt og godkjenner vertskommuneavtalen slik den ligg føre. Eksisterande avtale om legevakt på natt utgår ved oppstart.

Kommunestyret tar atterhald om at dei andre kommunane også inngår i legevaktsamarbeidet

Rådmann får i oppdrag å forhandle med Voss kommune om drift av kommunal ØH-seng.

Kostnadane skal innarbeidast i årsbudsjettet for 2017.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Fung. rådmann og kommuneoverlegen orienterte.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestsad, AP:

Ny legevaktordning skal evaluerast når den har vore i drift i eit år.

Kjartan Haugsnes ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet la han fram følgjande framlegg på vegner av SV, KRF, H:

1. *Saka vert utsett.*



2. *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei utgreiing som tek for seg økonomiske og eventuelle personellmessige konsekvensar av å behalde dagens legevakt i Vaksdal.*
3. *Kommunestyret ber administrasjonen utgreia legevaktsamarbeid med Bergen.*
4. *Kommunestyret ber administrasjonen kontakta Samnanger, Osterøy og eventuelt Bergen kommunar med tanke på å etablera felles legevakt i Arna.*
5. *Saka vert å ta opp til endeleg vedtak innan november 2017*

Røysting:

3 røysta for framlegget frå Kjartan Haugsnes (SV, KRF, H) som dermed fall.

Tilleggsframlegget frå Magne Hestad vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 72/2016 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om interkommunal legevakt og godkjenner vertskommuneavtalen slik den ligg føre. Eksisterande avtale om legevakt på natt utgår ved oppstart.

Kommunestyret tar atterhald om at dei andre kommunane også inngår i legevaktsamarbeidet

Rådmann får i oppdrag å forhandle med Voss kommune om drift av kommunal ØH-seng.

Kostnadane skal innarbeidast i årsbudsjettet for 2017.

Ny legevaktordning skal evaluerast når den har vore i drift i eit år.

Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:

Fungerande rådmann Åse Elin Myking orienterte om saka.

ELD - sak 16/2016 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med denne tilføyinga: pasientar med hjerneslag skal køyrast direkte til Haukeland sjukehus, ikkje via Voss sjukehus.



Eldrerådet 15.06.2016

Behandling:

Fungerande rådmann Åse Elin Myking orienterte om saka om kommunereform.

ELD - sak 17/2016 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering og vil tilråda kommunestyret å følgja resultatet av folkerøystinga.



Eventuelt:

Flagging på Daletunet. Eldrerådet ønsker at pårørende til dei som bur i omsorgsbustadar på Daletunet, kan få nytta flaggstanga på Daletunet.

Eldredagen 1. oktober 2016. Planlegging, gjennomgang av aktivitetar og fordeling av oppgåver.

Betaling for praktisk bistand. Ein brukar har henvendt seg til eit medlem i Eldrerådet med spørsmål om det er rett at brukar skal betala for opplæring av heimehjelp. Kommunalsjef tek saka vidare med einingsleiar for heimetenesta og Forvaltningskontoret.

Den kulturelle spaserstokken. For å få midlar til Den kulturelle spaserstokken, må også kommunale midlar nyttast til aktivitetar / tilstelningar. Sekretær sjekkar retningslinjer og praksis med Ole Johnny Domben.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2016	Eldrerådet	PS	19.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	16/1243

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Invitasjon til Eldrerådskonferansen i Bergen 1. - 2. november. Samla påmelding med frist 1. oktober.

Eldrerådskonferansen 2016

for kommunale eldreråd i Hordaland

1. - 2. november på Scandic Ørnen Hotel, Bergen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



PROGRAM

Tysdag 1. november

Registrering frå kl. 10.00

- 11.00 Velkommen**
v/ Kåre Ystanes, leiar i fylkeseldrerådet
- 11.05 Helsing**
v/ Pål Kårbø, Fylkesvaraordførar
- 11.20 Kulturinnslag**
- 11.40 Region- og kommunereforma.
Kva har vi i vente?**
v/ Lars Sponheim, Fylkesmannen i Hordaland
- 12.30 Lunch**
- 13.30 Kva har god mat til pleietrengande eldre
å seie for livskvaliteten?**
v/ Helge Bergslien, Mathuset i Stavanger
- 14.30 Innsjekk og pausemat**
- 15.00 Kva for effekt får vi av omsorgsteknologi
i Noreg? Status for nasjonale planar
og strategiar.**
v/ Astrid Nyeng, Nasjonalt velferdsteknologi-
program / Direktoratet for e-helse
- 16.00 Lyttevenprosjektet:
Om å bygge bru mellom barn og eldre**
v/ Arild Birkenes, Fylkeseldrerådet i Vest-Agder
- 17.20 Fritid**
- 19.30 Middag med kulturinnslag**

Onsdag 2. november

- 09.00 Syng i vakre morgonstunder!**
- 09.10 "Aktive eldre" - eit prosjekt for ein aktiv
og levande alderdom**
v/Tor Engevik, Leiar i Norsk sjukepleiarforbund
si faggruppe i geriatri og demens og Unni Olsen,
Seniorgruppa i Bergen Styrkeløftklubb
- 10.40 Utsjeking/pausemat**
- 11.10 Utan dei eldre stoppar Noreg: Om eldre i
arbeidsliv og som samfunnsressurs**
v/Kari Østerud, Senter for seniorforskning
- 12.00 Gruppearbeid**
- 12.40 Drøfting i plenum**
- 13.10 Avrunding / oppsummering**
- 13.20 Avslutningslunch**
- Takk og vel heim!

Eldrerådskonferansen i Hordaland 2016

1. - 2. november på Scandic Ørnen Hotel, Lars Hillesgt. 18, Bergen

Praktisk informasjon:

Overnatting pr natt, 1 person i standardrom kr. 1500,-
(tillegg for evt person nr 2 på same rom, kr. 200,-)

Dagpakke (inkl kaffe/te, pausemat og lunsj) kr. 600,- pr person pr dag
Konferansemiddag 1/11 kl 19:00 kr. 250,- pr person


(Totalpris med 1 overnatting og middag vert altså kr. 2950,- pr. person)

Eldreråda/kommunane dekkjer sjølv reiseutgifter.
Det vil i etterkant av konferansen bli sendt ut faktura
for konferanseopphaldet til dei respektive kommunane.

Påmeldingsfrist: 1. oktober 2016

Sekretær eller leiar for kvart elderråd må melde inn samla
påmelding på utsendt påmeldingsskjema, eller liste med opplysningar
som vist nedanfor, til epost: eldreradskonferansen@hfk.no

(Evt spørsmål eller etterpåmeldingar må òg skje til same adresse.)



Døme:

Namn	Epost/mobil	Overnatting 1.-2. nov	Dagpakke dag 1	Dagpakke dag 2	Konferanse- middag	Mat/allergi
Ole Olsen	oleolsen@..	JA	JA	JA	JA	Ikkje gluten





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2016	Eldrerådet	PS	19.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	16/1243

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Den kulturelle spaserstokken, program. Agnar Sellevold orienterar.
- «Lev Vel i Vaksdal», status. Solrun Hauglum orienterar.
- Einingsleiar Bjarte H. Aarland orienterar om sjukeheimstenesta og viser oss rundt på Vaksdal sjukeheim.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/2016	Eldrerådet	PS	19.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		16/1245

ELDREDAGEN 2016

Vedlegg:


Plakat Eldredagen 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldredagen 2016 vert arrangert 1. oktober i Turbinen i tråd med oppsette program. Eldrerådet er arrangementnemnd.

Saksopplysningar:

Eldredagen 2016 skal arrangerast laurdag 1. oktober i Turbinen. Gjennomgang av program og planlegging av dagen.



ELDREDAGEN 1. OKTOBER 2016

Vaksdal Eldreråd ønsker velkommen til fest i anledning
Eldredagen 2016.

Festen vert i Turbinen på Dale
laurdag 1. oktober kl. 14.00 - 17.00.

Program:

Tale av ordførar Eirik Haga

Kåsør: Kjell Stokke

Orientering og høve til dialog med kommunalsjef Solrun Hauglum

Andakt v/ Frode Kvamsøe

Song og musikk.

Middag og kaffi.

Billettpris kr. 200,- pr.person.

Det er påmeldingslister i alle daglegvarebutikkane i kommunen.
Kan også nytta tlf.nr under til påmelding og ved eventuell trong
for transport

56596051 - 90566128 - 97590560

Påmeldingsfrist: fredag 23. september.

Velkommen!